

Fiskeri og kystdepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

NIFES viser til høyringsbrev frå FKD av 9. januar med referanse til Høyringsdokument frå Olje-og energidepartementet av november 2011.

NIFES er av den oppfatning at disse konsekvensutgreiingane har fylgt ein relativt fast mal over lang tid. Fokus er på akutte utslepp med vekt på olje og oljekomponentar.


I seinare tid har det både i samband med oljeutvinning og også i samband med bergverksdrift kome fram at konsekvensar i høve til trygg sjømat ikkje vert teke opp som tema gjennom utgreiings og høyringsprosessane i høve til forureiningslova og vi meiner det er tilsvarende i petroleumslova.

NIFES meiner dette er uheldig og at dette temaet må få ein plass i desse utgreiingane. Det vil også kunne føre til meir opne prosessar om kva kjemiske stoff som er i bruk eller som vert planlagt brukt. Dei siste veker har no til dømes vist eit fokus på helseverknader av perfluorerte stoff som kan finnast i blant anna sjømat. Dette er stoff som delvis har kome fram som erstatning av tidlegare brukte stoff som har vorte fasa ut av miljø- eller helseomsyn

Dette set på ein heilt annan måte spesiell fokus på miljøgifter, stoff som er ikkje eller seint nedbrytbare, som akkumulerer i organsimar eller næringskjeda og som er vist å vere eller potensielt vere toksiske over tid. Desse har ein tendens til å enda opp i havet og igjen verte eit problem i høve til sjømat. Vi ser blant anna med ei viss bekymring på at torskelever frå Barentshavet har nivå av dioksin+diokslignande PCB som er heilt oppunder grensa som EU har sett for lovleg omsetning og at filet av blåkveite i Norskehavet tidvis har overskride slik grense.

NIFES meiner at det er på tide å få trygg sjømatespekt meir inn i slike prosessar og utgreiinga av austlege Barentshavet, sør, vil kunne vera viktig i så måte.

Med venleg helsing



Amund Måge
Forskingssjef